

Vår sakshandsamar  
Nina Cathrin Garshol, [Nina.Garshol@hivolda.no](mailto:Nina.Garshol@hivolda.no)

Høgskulen i Volda

Postboks 500  
6101 Volda  
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:  
Joplassvegen 11  
6103 Volda

[postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)  
[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

**Dykkar referanse**  
14/3868-

**Vår referanse**  
15/00121-3

**Vår dato**  
24.04.2015

## Høyringsuttale - Endringar i forskrift om tilsetting og opprykk i undervisnings- og forskarstillingar

Departementet sendte 19.1.15 ut eit høyringsbrev og eit utkast til ny forskrift. Høgskulen i Volda har handsama framlegget om endringar i leiarmøte og i styret, og har fylgjande innspel, framlagt i same rekkefølge som avsnitta i brevet.

### Innleiinga

Framlegget til endring er grunngeve med trongen for meir differensiert kompetanse ved institusjonane. Det blir sett som eit problem at dagens ordning gir den einskilde fagtilsette kompetanse etter generelle kriterier som er felles for heile landet, slik at kompetanse oppnådd ved ein institusjon også vil gjelde i tilsvarende stilling ved ein annan institusjon. Høgskulen i Volda ser tvert i mot på dette som ein styrke for institusjonane, som slik har høve til å bygge opp det formelle kompetansenivået slik at det samsvarar best mogleg med det reelle kompetansenivået til den einskilde. Det at Noreg har større del personar på toppnivå enn fleire andre land er ikkje eit problem for institusjonen eller landet. Det kan tvert om gjere oss attraktive for utanlandsk kompetanse på felt der vi treng det. Det er også eit meir rettferdig system enn i land der formell toppkompetanse ligg i eit avgrensa tal stillingar på kvar institusjon.

HVO har ikkje sett det som ein veikskap at vi ikkje har institusjons-spesifikke, generelle kriterier for opprykk og tilsetting. Vi har heller ikkje sett at det har vore store skilnader i kompetansekrav ved tilsetting kontra opprykk. I våre fag ser det ut til å vere samsvar mellom krava ved desse to vegane til kompetanseheving.

For oss verkar det også paradoksalt at ein prøver å bøte på tilsynelatande store ulikskapar i kompetansekrav mellom institusjonane ved å legge opp til meir, ikkje mindre, differensiering. Her verkar det ikkje å vere samsvar mellom diagnose og medisin. Høgskulen i Volda er ueinige i både diagnosen og behandlinga.

HVO ser det ikkje som eit problem at ein del av søkarane til utlyste stillingar ikkje er reelle, men i staden opprykkssøknader. Vi ser det slik at alle institusjonane tener på dette, ved lettare tilgang til kompetanse, og det er kvar sin gong til å bere kostnadane.

HVO er einige i at institusjonane sjølve skal ha ansvaret for opprykksprosessen.

### **Framlegget til endringar**

At opprykkssøknader blir sendt eigen institusjon er det vi praktiserer i dag også. Men det nye i framlegget er at kompetansen ein oppnår ved ein institusjon ikkje utan vidare vil gjelde ved ein annan. Sjølv om departementet foreslår at den einskilde institusjon sjølv kan bestemme å ta omsyn til sakkunnige uttaler frå andre institusjonar, meiner vi dette er for svakt. Det betyr meir omstendelege prosessar, med nye vurderingar av tilsette som alt har oppnådd kompetanse i faget.

Det er ein mykje meir utrygg situasjon for dei fagleg tilsette, og totalt meir kostnadskrevjande for heile sektoren.

HVO ser det ikkje som problematisk at våre fagtilsette får tilkjent kompetanse ved søknad på stilling ved andre tilsvarande institusjonar, tvert om brukar vi dette som eit middel til kompetanseheving.

Vi stiller også spørsmål ved at ein fjernar opninga for at dei med utanlandsk professorkompetanse ikkje nødvendigvis treng full ny vurdering (§2.2.(7)). Sett på spissen vil ein professor frå Oxford då måtte søke full ny kompetansevurdering ved tilsetting i Noreg, og det gir lite meining. Etter noverande ordning skal ein fagkommisjon avgjere om ny vurdering trengs.

Vi er einige i at leiar av fagkommisjonen ikkje skal vere frå eigen institusjon (§2.2, (8/10)).

Når det gjeld opprykk til førstekompetanse (§2.4) er vi einige i at berre høgskulens eigne fast tilsette (eller tilsette på åremål) i minst halv stilling skal kunne søke opprykk.

Derimot vil det vere meir problematisk om det ikkje lenger blir mogleg å søke overgang mellom karrierevegane. Vi har førsteamanuensar med doktorgrad som blir tilkjend dosentkompetanse som siste opprykk i karrieren, eller nokre år før dei får full professorkompetanse. Desse dosentane er også verdfull kompetanse for oss. Vi har andre eksempel på at førstelektorar tar doktorgrad og blir førsteamanuensar før dei eventuelt går vidare på stigen. For HVO er det ikkje snakk om tette skott mellom heilt ulike kompetansar, men heller ulik vektlegging av utviklingsarbeid og forskning i ulike fasar i livsløpet. Vår fagstab er heller ikkje klart todelt, der dei som driv praksisnært utviklingsarbeid er i ein annan kategori enn dei som driv forskning. Det er mellom anna viktig for oss at forskarane også driv undervisning. Eit fleksibelt system er difor nyttigare enn eit rigid system som kan hindre naturleg kompetanseutvikling.

Ved å fjerne det gamle §2.4 (5) er det ikkje lenger sjølvsgatt at ein blir førsteamanuensis ved avlagt doktorgrad, fordi institusjonane skal kunne stille tilleggskrav (punkt (8)). Dette er ei innstramming av krava til førstekompetanse som gjer situasjonen meir utrygg for dei fagtilsette. HVO ynskjer heller å

Personalkontoret

Vår dato

Vår referanse

24.04.2015

15/00121-3

---

bygge opp talet førstekompetente ved å legge til rette for å ta doktorgrad, og ser ikkje at innstramming er eit godt verkemiddel.

### Oppsummering

Høgskulen i Volda er einige i at føresetnaden for høg kvalitet i høgare utdanning og forskning er 'at det faglige personalet har høy kompetanse' (innleiinga). Dagens ordning der ein kan ta med seg kompetanse mellom institusjonane er ein hjelp til å oppnå dette, og vi vil sterkt rå til at denne ordninga ikkje blir fjerna.

Med helsing  
Personalkontoret

Nina Cathrin Garshol  
Personaldirektør

Kopi til: Leiinga v/Per Halse og Jacob Jr Kjøde